



Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref.
13/2496-42/K2 - P24/OLAT

Dykkar ref.

Dato:
24.05.2018

Søknad om midlar til ferjelem Skorpa

Vi viser til dialog om finansiering av ferjelem på Skorpa og søker med dette om bidrag på kroner 3,5 millionar kroner til å finansiere utbygginga. Vi har motteke anbod på kroner 7.000.000 inklusiv mva. og vi er klare til å bygge.

Skorpa er ei øy i Flora kommune som har 5 daglege anløp av båtane i Florø-bassenget. Øya har om lag 15 innbyggjarar og er avhengige av bil for å komme til med varer og tenester. Til liks med bebuarar i Solund, Husevågøy, som begge har ferjer finansiert av fylket, er det høgst naturleg at øyar i Flora som alt har rutestopp i dag med bilførane hurtigbåtar, får dette tilbodet. Båten er vegen til øybuarane og er like viktig for dei som trygg og rassikker bilveg er for innbyggjarar både på Menes, Flo eller Otterdal, eller Florø for den del.

Flora kommune er klare til rask oppstart av prosjektet og ber med dette fylkeskommunen løyve sin halvparten ev. gje eit tilsagn som gjer Flora kommune i stand til å forskottere prosjektet innan kort tid.

Ber med dette at søknaden vert lagt fram for fylkesutvalet i første møte.

Med helsing

Ola Teigen
ordfører

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur